



Idrettslaget VETEN

Årsmelding

2003

INNHALDSLISTE

1 INNLEIING

1.1	GENERELT	2
1.2	STYRET	2
1.3	MEDLEMSTAL	3
1.4	MØTER OG TILSTELLINGAR	4
1.5	SÆRFORBUND	4
1.6	UTDANNING	4
1.7	ARRANGEMENT	4
1.8	ANLEGG SARBEID	5
1.9	TILLITSVALDE I ANDRE ORGAN	6

2 AKTIVITETAR I STYRET/ARBEIDSUTVAL

2.1	GENERELT	6
2.2	VIKTIGE SAKER I 2003	6
2.3	OLE PETTER STØVE MINNEFOND	7

3 ØKONOMI

3.1	GENERELT	7
3.2	TILSKOT 2003	7
3.3	RESULTAT I DEI ULIKE GRUPPENE	8

4 ÅRSMELDINGAR TIL GRUPPENE

4.1	GENERELT	8
4.2	BARNEIDRETTSGRUPPA	9
4.3	SKIGRUPPA	12
4.4	ORIENTERINGSGRUPPA	15
4.5	SNOWBOARDGRUPPA	16
4.6	TRIMGRUPPA	20
4.7	IDRETTSMERKEGRUPPA	20
4.8	RIDEGRUPPA	21

VEDLEGG 1	REKNESKAP 2003
VEDLEGG 2	REVISJONS RAPPORT
VEDLEGG 3	BUDSJETT 2004
VEDLEGG 4	AKTIVITETSPLANAR

1 INNLEIING

1.1 GENERELT

Denne årsmeldinga oppsummerer aktiviteten i Idrettslaget Veten for året 2003. Årsmeldinga er framlegt på årsmøte på Vangen Aktivitetscenter 11. januar 2004

1.2 STYRET

Styret/arbeidsutvalet i 2003 vart valt på årsmøte 19. januar 2003.

Arbeidsutvalet:	Leiar:	Kirsti Aarøen
	Nestleiar:	Oddvin Myklebust
	Sekretær:	Berit Holen Nygård
	Kasserar:	Torill Fjellvang
	Styremedlem:	Knut Gunnar Ulvedal
	Styremedlem:	Lillian Gausnes Fenn
	Varamedlem:	Kari Teigen
Økonominemnd:	Leiar:	Torill Fjellvang
	Medlem:	Oddlaug Frosterød
	Medlem:	Kari Teigen/Berit Takle
	Rekneskap:	Johanna Myklebust
Utdanningskontakt:		Ragnhild Roset
Barneidrett:	Leiar:	Oddvin Myklebust
	Medlem:	Monica Beate Myklebust
	Medlem:	Berit Holen Nygård
	Medlem:	Rune Berglid
Skigruppa:	Langrenn:	Leiar: Ragnvald Bergset, Ass: Nils P. Støyva
	Hopp:	Leiar: Torbjørn Bergset Ass: Svein Nygård
	Slalom:	Leiar: Rune Roset Ass: Anders Bergset
	Skitau:	Leiar: Thorolf Aarøen Ass: Anders Bergset
	Teknisk sjef:	Arvid Sølvberg
Holmøyskarrennet:		Ola Ødegård
Snowboard:	Leiar:	Robin Berglid
	Nestleiar:	Øystein Kristiansen
Orientering:	Leiar:	Kjell Ove Bergset
	Medlem:	Ragnvald Bergset
	Medlem:	Ivar Bergset

Trimgruppa:	Leiar:	Berit T. Stensaker
	Medlem:	Torbjørn Bergset
	Bading:	Lars Bergset
	Fotball:	Matias Sølvberg
Ridegruppa:	Leiar:	Berit Bergset
Idrettsmerkegr.:	Leiar:	Arne M. Sølvberg
	Skrivar:	Edel Roseth
	Medlem:	Torill Fjellvang
	Medlem:	Torbjørn Fjellvang
Snøscooteransvarleg:		Egil Fjellvang
Beltevognansvarleg:		Arve Slettenes
Premienemnd/Materialforv.:		Annbjørg Myklebust
Medlem Stryn Idrettsråd:		Knut Gunnar Ulvedal
Revisor Stryn Idrettsråd:		Kirsti Aarøen
Revisor:		Jorunn Skrede
		Kari Sølvberg
Stiftelsen Vangen Aktivitetssenter:		Erik Ivar Ulvedal
		Bodvar Sølvberg
	Vara 1:	Ola Ødegård
	Vara 2:	Ann Iren Ulvedal
Valnemnd:	Leiar:	Marit Blakset
		Olav Stølen
		Rune Berglid

1.3 Medlemstal

Ved utgangen av 2003, er det registrert fylgjande medlemstal som har betalt kontingent, tala i parantes er frå 2002 og 2001

- Under 17 år	92	(89	81)
- 17 år og eldre	158	(147	155)
- Totalt	250	(236	236)

Det er ein liten auke frå 2002. Snowboard-gruppa har fått ein del nye medlemmar til laget. Det viser at ved å få gode tilbod til ungdommen, kan ein klare å halde dei som medlemmar i laget.

1.4 Møter og tilstellingar i 2003

- 1 årsmøte
- 1 ekstraordinært årsmøte
- 6 styremøte
- 1 årsfest/basar
- 2 møte Stryn Idrettsråd
- diverse telefonmøter

Utan om dei ordinære møta, har vore nokre møter med Vangen Aktivitetssenter angående utbygging av ”anekset” og drifta av senteret. Leiaren er også innkalla på styremøter til VAS.

Talet på saker som er handsama i 2003 er 36.

1.5 Særforbund

Idrettslaget er medlem i følgjande forbund

- Norges Skiforbund
- Norges Orienteringsforbund
- Norges Fotballforbund

1.6 Utdanning

Viser til årsmeldingane frå dei enkelte gruppene.

1.7 Arrangement

Det har også i år vore ein del store arrangement

Opningsrenn i Bjørkelibakkane

Det byrja med opningsrenn i Bjørkelibakkane helga 1.-2. februar.

Då inviterte vi hopparar frå heile fylket, Voss og Stordalen/Liabygda til ei treningssamling laurdag, med opningsrenn søndag. Det vart ei kjempe helg med mykje deltakarar.

Søndag til den offisielle opninga, inviterte vi representantar frå Skiforbundet, skikretsen, fylkeskommunen, Stryn Kommune, idrettslag og nøkkelpersonar under anleggsarbeidet.

Den offisielle opninga av Bjørkelibakkane var ved fylkesvaraordførar Mathias Råheim.

Kvelden etter at opningsrennet var slutt, var alle medlemmar og dugnadsarbeidarar inviterte på middag i klubbhuset.

Continentalcup og Word-cup B

Som ein del av forberedelsane til JR VM 2004, skulle vi arrangere eit internasjonalt renn.

Dette vart gjennomført 13. – 15. mars.

Det vart mykje arbeid for å få på plass nok snø i bakken, og nå sola varma på det verste, å unngå at snøen smelta alt for fort.

Elles gjekk renna utan større problem, og det viste at vi var i rute til 2004.

Eg vil nytte høvet å takke alle som stiller opp som funksjonærar. Utan dykk kunne vi ikkje arrangere verken store eller små renn i Bjørkelibakkane. Lukke til med JR VM.

Kretsrenn i hopp/kombinert

Vi var også i år sett opp med kretsrenn i i hopp og kombinert. På grunn av snømangel prøvde ein å flytte rennet opp i ”Buberskaret”, der det vart tillaga ei 15-17m bakke og ein 45-50m bakke. Dette torde ikkje skikretsen å gå med på, så KM vart arrangert på Voss.

Dermed vart det halde lagsmeisterskap i hopp og slalom i Buberskaret Skianlegg. Det var strålande sol begge dagane og konkurransane vart avvikla på ein fin måte. Det som var litt tungvint var transporten fram til anlegget, men trakkemaskina overlevde og Olav blei i allefall glad.

Lagstur til Kvittfjell

Siste helga i vinterferien, reiste vi på alpintur til Kvittfjell. Rune Roset tipsa oss om Ørneredet i Kvittfjell til overnatting. Vi var i overkant av 50 deltakarar og turen vart over all forventning. Huset hadde vi for oss sjølve og skia kunne vi ta på oss utanfor døra. Skianlegget passa for både store og små, og alle køyrde så mykje på ski at dei ikkje orka noko ugagn. Alle var samde om at det var ein fin tur.

KM langdistanse i orientering

Det vart arrangert KM i langdistanse orientering i mai på Vangen Akt.senter. Vi kan nemne iblant andre gode resultat at Anders Bergset blei kretsmeister i sin klasse. Gratulerer. Sjå elles årsmelding orienteringsgruppa.

Når det gjeld andre arrangement, viser vi til årsmeldingane frå gruppene.

1.8 Anleggsarbeid

Det har vore innspurt i anleggsarbeidet i Bjørkelibakkane i år også. Det krev så mykje dugnadsarbeid at idrettslaget ikkje har sett seg syn med å ha noko anleggsarbeid. Vi satsar på å kome sterkare tilbake seinare.

Bjørkelibakkane:

I haust har det vore eit aktivt år på anleggsida i hoppbakkane. K-70 og K-25 bakkane er for det meste klar, det står igjen finpussen.

Skitauet:

Skitauet har nesten ikkje vore i bruk dette året på grunn av snømangel. Men før oppstart må ein evt. kjøpe ny motor til hovudtrekket. Trekket i aust, har fått nytt tau i 2004.

Lagskontor:

Då VAS ville bygge på eit opphaldsrom på brakka, ville idrettslaget vere med på å koste ein del, slik at vi kunne bruke rommet til lagskontor. Kontoret i hovedhuset er ikkje vi tente med, så eit alternativ måtte vi ha. No er rommet snart ferdig, oppsetting av kjøkken og kontoravdeling står att. Vi har fått ein del gamle kontormøblar med Sparebanken i Stryn, så det er ikkje lenge før vi kan ta ibruk kontoret.

Garasje

Det er med stor takksemnd vi kan nemne at Bodvar Sølvberg har bygd garasje/verkstadbygg i tilknytning til anlegget på Vangen Akt.senter og Bjørkelibakkane. Plasthallen fekk vi sette opp midlertidig, så ei løysing måtte vi fram til. No har Bodvar og Olav løyst problemet for oss.

Idrettslaget hadde eit ekstra ord. årsmøte der utbyggingsplanane vart drøfta og godkjende. Det er skrive ei leige avtale på tomte der garasjen står. Idrettslaget og VAS skal leige ein del av garasjen til snøscoter, bandvogener og elles lagerplass til utstyr. Det er ikkje til å legge skjul på at Bodvar har løyst eit stort problem for idr.laget med garasjen. Ei stor takk til Bodvar og Olav.

1.9 Tillitsvalde i andre organ:

- Stryn Idrettsråd Knut Gunnar Ulvedal

- Organisasjonskomiteen til JR VM STRYN 2004
Nestleiar: Ivar Bergset
Rennleiar hopp: Ola Ødegård
Leiar sal/service: Nils Sølvsberg
Leiar trafikk: Tor Åge Berglid
Leiar marknad: Per Vidar Roset
Elles er det mange funksjonærar.

- O-krinsen: Ivar Bergset

2. **AKTIVITETEN I STYRET/ARBEIDSUTVAL**

2.1 **Generelt**

Arbeidet til styret i 2003 har vore planlegging, søknadskrivning og organisering. Det er naturleg då det er gruppeleiarane som har ansvaret for idretts-aktivitetane, og styret for tilrettelegging.

Leiarane i undergruppene er flinke, som gjer ein flott jobb med organisering av aktiviteter. Dette gjer at styret slepp mykje direkte organisering, og det er vi svært takksame for.

2.2 **Viktige saker i 2003**

Stryn Aktivitetspark

Laget fekk spørsmål om å vere med på å støtte bygging av Stryn Aktivitetspark. Dette var styret positive til, så laget gjekk inn med ei økonomisk støtte på 3.000,-. Ein av grunnane var med tanke på snowboardgruppa som då kan nytte dette anlegget.

Flagg

Styret har kjøpt inn flagg med logoen til idrettslaget på. Dette vart gjordt til opningsrennt i februar. Ved arrangement i anlegget bør vi heise flagget.

Ballbinge/ball-bane.

Styret arbeider for å få ein Ballbinge/ballbane i nærområdet rundt Sagehaugen-feltet. Vi har skrive avtale med Vidar Bergset på leige av grunn, men i Kommunedelplanen er vi langt nede på lista til å få tilskot til dette arbeidet.

Avtala mellom arrangørlaga til JR VM Stryn 2004

Avtala er no underskriven av leiarane. I korte trekk går den ut på at laga skal dele 600.000 som kompensasjon for dugnad.

Bandvogner

Idrettslaget har saman med VAS kjøpt bandvogner. Det er VAS som står som eigarar, men det er idrettslaget som skal ha drifta av dei.

Ansvar for bandvognene er det Arve Slettenes som har teke på seg. Er det nokon som skal bruke vognene, må dei ta kontakt med han.

2.3 OLE PETTER STØVE MINNEFOND

Idrettslaget har fått ansvaret for å dele ut ein pris frå eit minnefond etter Ole Petter Støve. Prisen skal delast ut til ein person/organisasjon som har nedlagt eit stort dugnadsarbeid for Vangen Aktivitetsenter. Denne prisen blei delt ut for første gong i 2001. Det blei for 2003 bestemt at det var to prisar som skulle delast ut. Prisvinnarane var Bodvar Sølvsberg og Ola Ødegård. Prisen blir derfor ikkje delt ut i 2004.

Prisvinnarane tidlegare år er: 2001 Arvid Sølvsberg
2002 Arne Berglid

3 ØKONOMI

3.1 GENERELT

Idrettslaget har hatt eit godt økonomisk år i år. Dette skuldast for det meste auke i fylkesmidlane til hoppbakkane, og at prepareringsutgiftene var unormalt små. I 2003 var dei på 28 000,- mot 129 000,- i 2002. Vi kan ikkje rekne med slike tilhøve fleire år. Prepareringsutgiftene kjem truleg til å auke i åra framover. Elles er det ikkje dei store endringane frå tidlegare år.

3.2 TILSKOT 2003

Største inntektskjelda til idrettslaget er tilskot frå fylke og kommune. Det er derfor svært viktig at vi kan behalde status som fylkesanlegg i hopp. Her er eit kort samandrag av tilskota i 2003.

Fylkesanleggsmidlar for fylkesanlegg i Bjørkelibakken:

Fylkeskommunen	63 333	
Stryn kommune	<u>63 333</u>	
Til saman	<u>126 666</u>	(Auke frå 93 000,-)

Stryn kommune kulturmidlar: 35 000 (Nedgang frå 43 000,-)

Gåvetildeling Sparebanken Sogn og Fjordane: 8 000

Lotteritilskot, Sogn og Fj. Idr.k.: 14 284 (12 000)

Idrettslaget sin del av inntekter frå speleautomatar.

Norges idrettsforbund og Olympiske komite: 18 000 (16 000)

Dette er midlar som er delt ut gjennom Stryn Idrettsråd, som skal gå til barne- og ungdomsaktivitetane i laget. Brukt til gratis idrettsskule for alle borna. Elles får vi sjå kva vi nyttar resten av midlane til i 2004.

3.3 RESULTAT I DEI ULIKE GRUPPENE

Eit kort samandrag av resultatet i dei ulike gruppene:

Trimgruppa	435,43
Skigruppa	58.838,06
Orienteringsgruppa	- 12.210,-
Idrettsmerkegruppa	0,-
Barneidretten	-8.742,-
Snowboardgruppa	-2.877,-
Ridegruppa	- 4.250,-
Vestlandscup	- 3.980,60
Hovudgruppa	51.889,59

For fleire detaljar, sjå velegg i rekneskapet.

4 ÅRSMELDINGAR

4.1 GENERELT

Styret har mottatt årsmeldingar frå fylgjande grupper:

Barneidrettsgruppa
Skigruppa:
- Langrenn
- Hopp
- Alpint
- Nakkjen Ned
Snowboardgruppa
Trimgruppa
Idrettsmerkegruppe
Ridegruppa
Orienteringsgruppa

Den største aktiviteten er i aldersgruppa 5 - 13 år. Dette er naturleg då satsingsområdet til idrettslaget er born i den aldersgruppa. Styret har prøvd å få til eit betre tilbod til ungdommen i laget, men det er litt vaskleg. Fråfallet er stort til andre lag og fråflyttinga er naturleg i den alderen.

4.2 BARNEIDRETTSGRUPPA

Blakset 4.jan.2004

Årsmelding 2003

Miniputt og knøtt

Knøttelaget har hatt 4 fine turneringar og har fått prøve litt av alle 3 resultatata. Variererande oppmøte på trening og turneringar. Også i år har det kome til nokre nye.

Miniputtlaget har hatt ein god sesong. Har delteke på 4 turneringar. Fleire gode spelarar i begge aldersklassane. Dei eldste trena i lag med serielaget og fekk også prøve seriespel allereide i år. Jamt over god deltaking på turneringane og trening.

Trenar Arve Skrede

Oppmann Olav Erik Hagen

Årsmelding –2003

Fotball- Lillegutt 92

Laget var samansatt av spelarar frå Hardbagg og Vetten.

Totalt 13 spelarar

Av desse 3 frå Hardbagg

7 av spelarane er av årskull –92,

rest spelarar av årskull –93 (miniputtar som tjuvstarta 1 år.)

Kampoppsett, resultat og spelarstall,
er å finne på www.veten.info

I sesongen vart det spela 14 kampar.

4 singlar

1 uavgjort

9 tap

I tillegg til seriespelet, deltok vi i Selje Cup og Grodås Cup.

Under Selje Cup måtte vi låne ein spelar frå Stryn for å kunne stille fullt lag.

Felles treningar med Lillegutt –91

Trenarar: Dag Hopland og Kurt Erik Rauset

Oppmann: Svein Nygård.

Heimebane: Ålandsleitet

Veten & Hardbagg Fotball

Årsmelding - lillegutt -91

Lillegutt -91 har hatt ein kjempesesong. Har spelt ein uavgjort kamp og vunne resten av kampene i serien – med andre ord – Kjempebra innsats!

Følgjande har vore med på laget:

Janita Roset, Katrine Aarøen, Jørgen Marius Hopland, Torgeir Aarøen, Tor Øyvind Rand.

Endre Berglid, Dag Bergset Ulvedal, Bård Ove Bergset.

I tillegg var Alfred Bergset med.

Lillegutt -91 og -92 har hatt felles treningar på Aalandsleitet - måndagar kl. 18.30 - 20.00.



Oversikt seriekampar, Gutar 12 år avd. 6 - 2003 sesongen.

24.04	Veten/Hardbagg - Stryn	4 - 1
06.05	Breimsbygda - Veten/Hardbagg	1 - 7
15.05	Veten/Hardbagg - Hornindal	9 - 3
22.05	Vikane - Veten/Hardbagg	0 - 10
28.05	Veten/Hardbagg - Olden	6 - 1
05.06	Stryn - Veten/Hardbagg	0 - 5
12.06	Veten/Hardbagg - Breimsbygda	7 - 2
30.06	Hornindal - Veten/Hardbagg	1 - 5
21.08	Veten/Hardbagg - Vikane	9 - 2
28.08	Olden - Veten/Hardbagg	2 - 7
01.09	Veten/Hardbagg - Stryn	6 - 1
04.09	Breimsbygda - Veten/Hardbagg	2 - 4
11.09	Veten/Hardbagg - Hornindal	6 - 2
18.09	Vikane - Veten/Hardbagg	1 - 1
25.09	Veten/Hardbagg - Olden	4 - 2

I tillegg deltok laget på Grodås Cup og Selje Cup.

Trenarar: Dag Hopland og Kurt Erik Rauset

Thorolf Aarøen
- oppmann -

IDRETTSSKULEN:

Semesteret 02/03:

For generelle opplysningar om dette semesteret viser ein til årsmeldinga for 2002.

Avslutning:

Semesteret 02/03 vart avslutta med pølser, kaker, brus og kaffi for ungar og foreldre på Nordsida Skule 03.06.03.

På Idrettslagsbasaren fekk alle deltakarane utdelt det generelle premie- skjoldet.

Møter:

1 oppstartsmøte for styret i barneidrettsgruppa.

Semesteret 03/04:

Barneidrettsgruppa :

Leiar - Oddvin Myklebust, hovedansvar for organisering - Berit Holen Nygård, styremedlemar Monika Beate Myklebust og Rune Berglid og medhjelparane Anders Bergset og Arne Spilde. I tillegg til dei voksne instruktørane, er det positivt å sjå kor godt det fungerer med unge leiarar. Christine Hagen og Iselin Myklebust har hatt ansvaret for handball for gruppa 9 år og oppover. Det er tydeleg at desse ungdomane appelerar til dei som no er i ferd med å verte ten-åringar sjølve.

I tillegg har 4H hatt ansvaret for natursti for den minste gruppa og snowbordgruppa hadde ansvaret for hinderløype i sykling for den største gruppa.

Gruppe-inndeling: Gruppe 1: 5 - 8 år i 03, Gruppe 2: 9 år – og oppover i 03

Tidsplan: Oppstart 14.10.03 (friidrett), avslutting 30.03.04. Aktiviteten til IS er lagt til tysdagane med 1 time for kvar av gruppene.

Påmelde: 22 stk.

Kursavgift: For semesteret 2003/2004 er det ikkje deltakaravgift for IS

Aktivitetar: Sjå eige vedlegg.

Utstyr: Ingen nye kjøp.

Leiarutvikling: Kirsti Aarøen og Berit H. Nygård var på kurs i Stryn vedk. aktivitetar til bruk i IS.

Generelt:

Vi har igjen valt same mønsteret for IS som føregåande år. Vi arbeider med betre måtar å organisere IS sine skiaktivitetar på Vangen. Vi har i år hatt friidrett med hovudvekt på kast og løp. Nye aktivitetar har vore natursti og sykling.

Ei viktig oppgave for ein idrettsskule, er å gi ungane ein allsidig kroppsbeherskelse /bevegelseserfaring. Vi har difor valt å fylgje opplegget til Noregs Gymnastikkforbund: ”Idrettens Grunnstige”. Kort fortalt er dette god ”gamaldags” gymnastikk i ei litt meir moderne form. Dette opplegget vonar vi at også Nordsida skule vil fylgje. Då vil ein få mykje betre kontinuitet og større utbytte av opplegget.

Styret i IL Veten har vedteke at ingen under 10 år skal drive ”spesialtrening” utanom ”sesongen”. Tilbodet for denne aldersgruppa skal vere IS.

MEN DET VIKTIGASTE AV ALT: FORELDRA MÅ HA FORSTÅING FOR KOR VIKTIG IDRETTSSKULEN SIN LEIK OG ALLSIDIGHEIT ER FOR FRAMTIDIG LYST OG GRUNNLAG TIL Å DRIVE EIN ELLER FLEIRE SPESIALIDRETTAR.

4.3 SKIGRUPPA

ÅRSMELDING LANGRENNSGRUPPA

Leiar: Ragnvald Bergset
Ass: Nils P. Støyva

Møte: Møte for å planlegge sesongen.

Instruksjon/trening:

Fellestrening med Hardbagg, frå januar til mars, for aldersgruppa 12-15 år. Annankvar gong Vangen Aktivitessenter og Ålandsleitet. Instruktørar Leiv Tvinnereim, Alfred Tytingvåg, og Ragnvald Bergset. Dette fungerte fint sjølv om det var litt lite snø.

Nils Petter og Ragnvald hadde også nokre treningar med dei under 12 år. Desse løparane må vi prøve å fylgje opp litt betre til neste sesong.

Elles har nokre delteke på basistrening hausten 2002. Desse vart stort sett arrangert av Hardbagg.

Arrangement:

4 cuprenn med 14, 8, 10 og 12 deltakarar. Siste rennet var også lagsmeisterskap.

Kretsstafetten vi skulle arrangert, vart avlyst p.g.a. snømangel.

Holmøyskarrennet hadde reserveløype med start og innkomst ved Vangen Akt. Senter. Dette var vellukka trass lite og roten snø nede i skogen. I fjellet var fine forhold.

Deltaking på konkurransar:

Dei yngste har delteke på kretsrenn og kretsstafettar. Litt mindre deltaking i år enn i fjor.

Marianne og Rune har vore veldig ivrige både til å trene og konkurrere. Dette har gjeve svært gode resultat.

Nemner her dei beste:

Marianne: Kretsmeister i langdistanse klassisk og sprint klassisk.
Nr.2 Vestlandsmeisterskap.
Nr. 39 og 43 i ungdomens Holmennkollrenn (ca. 90 delt.)
Fylkescup nr. 2

Rune: Kretsmeister 3 km fri teknikk.
Nr. 1 Vestlandsmeisterkap.
Nr. 94 og 21 i ungdomens Holmennkollrenn (ca. 256 delt.)
Fylkescup nr. 1

Diverse:

Bra treningsforhold etter jul, sjølv om det var svært lite snø. Turløypene til Nos og Rosetstøylen var mykje brukte i år og.

Stor takk til dei som preparerer løypene.

Takk for meg.

For langrennsgruppa
Ragnvald Bergset

Årsmelding 2003

Hoppgruppa

Hoppesongen 2002 / 2003 var ikkje slik som vi kunne ynskje det.

Lite snø gjorde at det vart lite av både treningar og renn.

Det starta som vanleg med barmarkstrening og hoppgruppa var på samling i kaupanger.

Innandørstreninga starta i skulen etter haustferien.

Det kom snø i jula og fyste helga etter nyttår var det treningssamling i Jølster og avslutning med renn søndag. Dette var ei kjekk helg og dei fekk prøve nye bakkar.

Det var lite snø i heile fylket og mange av renna på terminlista vart avlyste.

Den offisielle opninga av Bjørkelibakkane hoppanlegg vart avikla den 2.februar.

Det var lagt opp som ei treningssamling på Laurdag med deltakarar frå Hordaland, Sogn,og Fjordane og Møre og Romsdal i alt 75 deltakarar. Søndag var det hopprenn og opningsseremoni med taler og snorkutt.

7 hopparar frå Vetten hoppa og kutta snorer som var strekt over kvar bakke i overgangen.

Etter at hoppinga var ferdig var det langrenn for kombinertdeltakarane.

Dette rennet var eit av 4 renn i Vestlandscuppen.

Stort sett var dagen vellukka sjølv om det vart litt seint på dag før ein var ferdig.

Etter dei tilbakemeldingane ein har fått, var dei tilreisande godt nøgde med bakkane og arrangementet.

På grunn av snømangelen i fylket måtte vi til Myrkdalen på Voss for å avikle kretsmeistarskapen. Dette vart eit hopprenn utan langrenn, men for våre deltakarar hadde dette ikkje noko betydning då ingen av våre ville gå langrenn.

Det vart heller ikkje rekruttcup som planlagt, berre eit renn vart avikla på Vangen.

Lagsrennet vart arrangert i Buberskaret 1 påskedag og var eit kjekt renn med god deltaking

Renndeltaking i 2003.

Jølster	05. jan.	9 deltakarar	
Vangen rek.cup	24.jan		
Vangen	02.feb.	22-----	komb. 5 del.
Stordalen	26.jan.	11 -----	
Nøystølsbakken	23.mars	8 -----	
Nyestølsbakken	13.april	7 -----	
Buberskaret	20.april		Lagsrenn

Våre deltakarar har hevda seg bra i konkurransane og dei har hatt det kjekt på renna.

Turane til Voss var nok lange men ingen klaga på det.

Det vart ein del reduksjon i antal aktive denne sesongen. Snømangel og dårlege treningsforhold har nok skulda for noko. Nokre av dei eldste har slutta for å drive med langrenn og anna idrett.

Det har vore eit mål for hoppgruppa å halde oppe så stor gruppe at det er interessant å samlast på treningane og på renn. Det er kjekkare å trene når det er mange , det er også lettare å forsvare prepparingskostnadane når det er mange som brukar bakkane.

Vi har eit hoppanlegg som er blant dei beste i sitt slag i landet. Dette må vi syte for vert brukt.

Det er eit fylkesanlegg med forpliktelsar som vi får støtte for å drive og det er difor viktig at vi har aktive i alle aldrar. Det vil vere dumt at dette anlegget vert ståande ubrukt om nokre år.

Då vil dei stor investeringane og dugnadsarbeidet vere til fånyttas.

Ideen om samarbeid med andre lag har ikkje lukkast . Samarbeidet med Hardbagg har berre ført til at vi har mist deltakarar til fordel for skiskyting. Hornindal har nokre aktive som har vore på nokre treningar, men dei andre laga i kommunen har ikkje vist interesse.

Dette bør det arbeidast meir med.

Hoppporten krev jevn trening for å kunne hoppe i dei bakkane som alderen tilseier og det krev mykje arbeid for dei aktive og hjelpeapparatet for halde det i gang.

Prepparingsutstyret som står til teneste er vi fult og heilt avhengige av for at bakkane skal vere trygge og gode.

Det er også heilt nødvendig å få spormalar på k 40 og k 25 . Utan spor på hoppet vert dei usikre og treninga vert lite effektiv. Vi kan ikkje risikere at trenar og andre må bruke spaden, rive og ski heile treningskveldane utan å få effektivitet i treninga.

Det er meir arbeid å halde ein hoppbakke i bruksklar stand en det er å halde ei langrennsløype og dette må vi akseptere dersom hoppanlegget vårt skal verte brukt.

Anlegg:

Det har også i år vore arbeidt mykje på dugnad på Vangen.

Påbygg på annekset , vant mellom bakkane , trapp ved K 40 , ny spormal på K 90, trenartribuna for K 90 er bygd høgare og anna arbeid som er sett i gang og skal vere ferdig til JVM 2004

Det er eit håp at dugnadsarbeidet på anlegget no snart er slutt og at ein kan bruke tid og krefter på idretten og ikkje minst på å halde vedlike anlegget. Vi har fått noko som det er vel verdt å ta vare på og bruke i åra som kjem.

Ei oppmoding må vere at IL VETEN vert eit lag der hoppporten står i fokus.

Torbjørn Bergset

- hoppgruppa -

Årsmelding frå alpingruppa 2003.

Veten har heller ikkje i år hatt eigne alpintreningar. 4 løparar har delteke på Stryn sine treningar i Strynetrekket. Traseen på Vangen har vore svært lite nytta på grunn av lite snø. 3 løparar fekk deltakarpremie i Netcom-cupen, men fleire deltok på enkeltrenn. Veten hadde og deltakarar på Even Hole cupen og på 6 deltakarar på Grotlirennen. På Grotlirennen gjorde Marianne Roset eit godt løp som heldt til ein 2. plass. Lagsrennet var som vanleg 2. påskedag. I år måtte vi til Bubergskaret for å finne snø. Det var blaut snø for trakkemaskina, men fine forhold for løparar og publikum og god deltaking på rennet.

IL Veten

Kontaktmann alpin Rune Roset.

Nakkjen-ned 2003

Nakkjen –ned vart i år som vanleg arr. på skjærtorsdag

Pga. lite snøv var innkomsten flytta til indrestøylsmyra.
Ragnvald m/fleire gjorde ein god jobb for å få til løypa,
Motorsaga måtte til for å rydde traseen for eine-kaga.

Delt.	Trimklassen	13stk
	Mini nakkjen-ned	8stk
	Proffklassen	14stk
	Snøfjøl	2stk

Raskaste gut	Henning Heimlid
Raskaste jente	Monica Beate Myklebust
Raskaste snøfjøl	Robin Berglid

Tylerenningpåskikontakt
Anders Bergset

4.4 ORIENTERINGSGRUPPA

ÅRSMELDING

FOR

O-GRUPPA I VETEN IL 2003

O-gruppa har i 2003 bestått av : Kjell Ove Bergset (leiar)
Ivar Bergset
Ragnvald Bergset

Vi har arrangert : O-Troll leir ved Ulvedalsdemmene 24-25.mai med 10
deltakarar
KM-lang 25.mai med 53 deltakarar
4 Nær-O-løp

Vi søkte om tippemidlar til kjøp av o-utstyr. Har fått tildelt kr 3509,-
Har kjøpt 25 EKT postenheiter + 1 startenheit ca kr 13000,-

Søkt om å arrangere eit kretsløp neste år.
Har diskutert med Per Øen om vi skal søkje om NVG i 2006. Det blir tekje opp på årsmøtet.

Vi har hatt deltakarar på alle KM løpa med gode resultat. Der må vi spesielt nemne sølvmedalje i klasse H13-16 KM stafett (Bård Ove Bergset, Kristina Bergset og Isak Bergset). Vi har også delteke på Midnattssolgaloppen og O-Land.

For O-gruppa
Kjell Ove Bergset

4.5 SNOWBOARDGRUPPA

4.01.04

Årsmelding Nordsida Snowboard & Skateboardklubb.

Sidan vi er ei relativt ung gruppe i IL Vetten, vil vi informere laget om kva vi driv med. Vi ynskjer å få med oss ungdom i Stryn og indre Nordfjord som interesserer seg for snowboard / skateboard. Vi er den einaste gruppa som vi kjenner til og vi held oss oppdaterte på endringane ved sporten gjennom året, og utviklar interessa vidare. Vi ynskjer og at forholda vert lagt til rette slik at ein kan lære S&S på ein sikker og trygg måte i staden for å finne ut av dette på eiga hand. Vi har ikkje hatt noko uhell eller skader sidan gruppa starta.

Snowboarding.

Snowboard betyr Snøbrett og dukka opp i skitrekking rundt omkring på 1980 talet. Dei første gongane snowboard folka kom til skitrekking vart dei jaga vekk. Det var fordi snowboarding var ein heilt ny og utradisjonell type vintersport. Folk trudde interessa kom til å gje seg etter ei lita stund. Slalåmski køyrarane likte heller ikkje at snowboardarane kom til trekkinga.

Men no har dei aller fleste skitrekking gjort det dei kan for å legge forholda til rette for snowboardfolka. Dei bygger store terreng og snowboardparker. Sidan har det utvikla seg til å bli verdens raskast aukande vintersport.

Snowboarding er ein veldig fri og avslappandes sport. Sikkert mykje på grunn av røter i surfing og skateboarding. Når ein renn på snowboard renn ein sidevegs. Det trengst då gode balansekunnskapar. Om sommeren står vi på skateboard. Skateboard betyr rullebrett. Det er litt vanskeligare å stå på men det er samme greia. Viss du beherskar skateboard klarar du utmerka fint å stå på snowboard og omvendt. Ein kan og trene i trampoline om sommaren for å bli betre i akrobatikk.

Tilbodet lokalt før i tida:

Vi har funne ut at på 1980 talet før vi vart fødd, var det liknande aktivitetar utanfor IL Vetten. Ungdomen reiste då omkring til skitrekking på Stranda, Harpefossen og Utvikfjellet for å stå i skitrekking og tok del i utradisjonell idrett som slalåm og hoppa på spretthopp.

Morten Frostrød var kanskje den fyrste som hadde eige snowboard. Etterkvart kjøpte Arvid Sølberg trakkemaskin og ein hadde stor aktivitet med folk som hang bak i tau til Nakken. Det var som regel 30 stk som hang på, og turen kosta 25 kr om ein ikkje hadde kjøpt sesongkort.

Etterkvart bygde ein skitau på Vangen, før ein på 90 talet starta med utbygginga på Vangen og hoppbakkane. Aktiviteten som då var på topp, dabba av etterkvart.

Tilbodet i dag:

Vangen Aktivitetssenter har mange gode vintertilbod til dei som vil gå på langrennsski eller hoppe. Dei som vil renne på snowboard eller hoppe på eit spretthopp må derimot organisere seg sjølv.



Utviklinga på løypene/trekk har stagnert. Vi ynskjer at idrettslaget legg til rette for fleire felles aktivitetar som før, slik at vi kan bruke tida på vidareutvikling av snowboard interessa.

Vi er eit tilbod til dei som ikkje interesserar seg for hopp eller langrenn og som ungdomen sjølv har teke initiativ til. Det hadde vore fint om bygdebussen kunne køyre til og frå skitrekket i Stryn ein dag i veka. Då er det moglegheit for oss å komme seg til trekket når foreldrene ikkje har tid eller lyst til å køyre. Det kan også vere ei alternativ inntektskjelde til Vetten.



Vi har ikkje som hovudmål å bli best, men å vi ynskjer å samlast og ha det kjekt i lag.

Vi har også lyst til at tilbodet vert godt nok til å trekke andre ungdommar til området, men det er for omfattande til at vi skal greie det utan meir hjelp av vaksne. Leirskulen vil og nytte godt av betre tilbod.




Vi vil også minne foreldre og ungdommar om at vi har rulleskøyter og skateboard for utlån slik at ein kan prøve om dette er noko ein likar, før ein kjøper utstyr eller melder seg inn i klubben.

Profilering:

Vi ønskjer ei heimeside slik at vi kan nå ut til folket. Denne sida vil bli til stor nytte når vi skal informere medlemmane og andre interesserte som har lyst å lære meir om oss. Vi har og større moglegheiter til å skaffe oss sponsorar sidan vi kan legge ut reklame på sida vår.



Det er allereie somme butikkar som er interesserte. Vi har snakka med DagenDin.no og dei foreslår at vi legg sidene under Vetten sine sider, men vi i snowboardklubben ynskjer å ruste opp sidene til Vetten og få eit meir moderne og brukarvennleg design. Vetten sine sider er til no tragiske og kan bli betre.



Vi vil prøve å få til eit samarbeid med Stryn Skisenter og butikkar rundt om, slik at dei kan sponse klubben med diverse utstyr og rabatt på produkta sine. Dette vil då verte frynsegoder som kun medlemmane i snowboardklubben kan nytte seg av.



Anlegg og Utstyr

Planane om ein skateboardramp er utsett på ubestemt tid, fordi ein brukbar rampe kostar mykje meir enn vi har pengar til. Vi har heller ikkje ein egna plass til å plassere ein slik skateboardrampe. Vi har i staden gått i gang med to små prosjekt. Det eine er å hogge trase til ein big jump og det andre er å bygge en rail.

På venstre side er det bilder av ulike typar rails som har ulik vanskeleg heits grad. Vi har lyst å prøve å få opp ein som liknar på den som er heilt flat på toppen. Det vi manglar er to skikkelige stålrør som skal ligge på toppen, ”føter” og plater til å ha mellom røra slik som vist på bildet. På dei platene vil vi ha reklame for dei som sponsar oss.

Vi har nylig gått i gang med hogginga av traseen til ein Big Jump på Vangen. Den blir bygd i skogen ved sidan av 40 meters bakken. Det vi har gjort til no er å hogge ned det meste av skogen. Det har vi fått lov til av Kirsti Aarøen, Kjell Bergset og Ivar Bergset. Det som gjenstår no å fjerne resten av dei nedsaga trea, men sidan alle er opptatt med andre ting er ikkje det so mange som har tid til å møte opp. Dersom denne trasen skal bli brukbar må den få eit brattare unnarenn.

Vi treng hjelp av styret til å planlegge dette og få den formelle papirmølla i orden. Ein BigJump er eit stort spretthopp, og bakken vil bli omtrent slik som 25 meters bakken men med eit stort spretthopp i staden for eit vanlig hopp. Dette hoppet kan nyttast av alle både med slalåmski og snowboard.

Dei har ikkje brukbare hopp verken i Stryn eller på Utvikfjellet, så det vil vere god PR for senteret og leirskulen å ha en skikkelig bigjump. Kanskje det vil trekke fleire folk til Vangen?

Som sagt har vi har og gått i gang med planlegginga av en rail, vi har fått det meste av det stålet vi treng til railen med Per Ytreeide, men vi treng skikkelige stålrør som skal ligge på toppen og noko småtteri til.

Aktivitetar i sesongen som var:

Vinteren 2003 arrangerte IL Veten ein tur til Kvittfjell med stor suksess og mange av medlemmane i Snowboardklubben deltok på denne. Det er stor interesse for ein ny tur komande sesong, men då helst til ein annan plass t.d. Hemsedal.

Denne vinteren var vi for det meste i trekket i Stryn, på grunn av snømangel på Vangen. Det vart heller ikkje arrangert noko spesielt denne vinteren sidan det ikkje var snø nok.

Vi selde skrapelodd for Norges Ski Forbund, det var eit forferdeleg slit, men vi fekk selt alt. Ellers deltok somme av medlemmane Vintercamp 2003 på Utvikfjellet. Det var rikelig med aktivitetar: paintball, Big Jump-konkuranse, parallell slalåm o.s.v.

Vi hjelpte idrettskulen to dagar denne hausten med å lage til sykkelhinderløype, og etterpå var vi der og instruerte dei og sykla i lag med dei i hinderløypa, desse to kveldane.

Sesongen som kjem:

Aktivitetar kjem til å foregå på Vangen Aktivitetssenter og i Stryn Skisenter. Vi har ein del premiar liggande og dersom det blir nok snø i år, vil vi prøve å lage til nokre konkurransar. Til dømes; Big Jump, boardercross o.s.v.

Vi vil også delta på Veten sin tur i vinter dersom det blir ein. Det blir muligens eit par turar til sommarskisenteret ut på sommeren dersom det er nokon som kan køyre. Helst bygdebussen, då får vi med alle som ynskjer å vere med.

Vi kjem og til å prøve å skaffe pengar til klubben. Denne sesongen har vi tenkt å investere i snø spadar og preppetstyr. Vi har då ikkje råd til å kjøpe det vi manglar til railen dersom vi ikkje kan bruke dei pengane vi fekk til

skateboardrampen. Derfor lurte vi på om vi kunne bruke litt av pengane som vi fekk til å bygge skateboardramp, til rail i staden ?

Vi vil også veldig gjerne melde snowboardklubben inn i Noregs Snowboardforbund dersom IL godkjenner dette.



Vi treng smørje/prepeutstyr til klubben, vi lurte då på om det var mulig å få tilskot til dette?

Vi er klar over at idrettslaget har litt utstyr liggande på smørjerommet på vangen. Men der er det som regel låst. Vi ynskjer derfor vårt eige utstyr som vi kan sette ein plass der alle medlemmane kan få tilgang til det. Det vi treng er: bord, skrustikke til snowboard, smørjefjern,

filer, børster, smurning og siklingar. Det kostar ca 4000kr.

Vi vil tilslutt minne foreldre og ungdommar nok ein gang om at vi har rulleskøyter og skateboard for utlån og det er berre å ta kontakt om ein ynskjer å vere med i gruppa.

Nordsida Snowboard & Skateboardklubb.
Med Helsing:

Robin Berglid.

Øystein Kristiansen.

Kato Stølen

Leiar.

57875566

48119012

Nestleiar.

57875672

48223958

Kasserar

57875686

48186368

4.6 TRIMGRUPPA

Bading i Symjehallen i Stryn

Ansvarleg: Lars Bergset

Badevakter: Steinar Fjellkårstad, Kirsti Aarøen, Rune Berglid, Olav Erik Hagen, Anita Blø Sølvsberg og Heidi Fjellvang.

Det har i 2003 vore 27 badekveldar. Badetida er torsdagar kl. 19.30-20.30. Frammøte har vore 310 vaksne og 404 born. Dette er ein stor nedgang på badande born, for i fjor 202 var det 587 born som bada. Men økonomisk vart det eit bra resultat.

288 vaksne à kr 20,-	kr. 5 760,-
404 born à kr. 10,-	kr. 4 040,-
Tilsaman	kr. 9 800,-
Leige symjehall 27 à 300,-	kr. 8 100,-
Overskot	kr. 1 700,-

Fjelltrimmen

Ansvarleg: Lars Bergset

Også i 2003 auka besøkstala på fjelltoppane våre, 1812 besøk mot 1604 i 2002. Tala er slik for 2003 med tala for 2002 i parantes:

Holmøyskaregga:	100	(85)
Glitregga:	107	(123)
Heida:	300	(240)
Blåegga:	325	(310)
Bergsetnakken:	980	(846)

Irene Kroken Bergset har høgast poengsum for damer, med 523 poeng. Dermed fekk ho sitt første napp i vandreskjoldet for damer. Og Idar Holen fekk sitt 3. napp i vandreskjoldet for menn med 1716 poeng.

4.7 IDRETTSMERKEGRUPPA

Årsmelding for idrettsmerkegruppa i Vetem 2003

Tillitsvalde: Arne M Sølvberg (leiar), Torill Fjellvang, Torbjørn Fjellvang og Edel Roseth.

Vi som skal stelle med idrettsmerkegruppa må berre be om orsaking for svak innsats i året som gjekk. Det var og labert frammøte til prøvene i 2002, sjølv om det då var kungjort i Fjordingen. I 2003 vart det etter gammal tradisjon mobilisert til prøvetaking i romjula, ved at leiaren tok direkte kontakt med dei som hadde synt interesse året før. 5 personar møtte opp nyttårsafta, og 4 av desse fullførte prøvene.

Dersom årsmøtet syner oss ny tillit, må vi love langt betre organisering av prøvetakinga neste sesong. Etter dei siste reglane er det mykje å velgje i for gruppene styrke og uthald, slik at dei aller fleste greier desse om ein vil. T.d. er fullføring av minst 3 o-løp i året godkjent som uthaldsprøve. Det syner seg at hardaste krava for somme er innan sprint og spenst. God trening!

For idrettsmerkegruppa

Arne M Sølvberg

4.8 RIDEGRUPPA

Ridegruppa i 2003

2003 har vore litt prega av at gruppeleiaren har prioritert andre ting. Vi har likevel oppretthelde dei vanlege treningane, og hatt nybyrjarkurs for 6 nye i vårhalvåret og 3 nye i hausthalvåret. I tillegg er det mange som trenar trufast, mellom 15 og 20 i veka. Åse Berit er leigd inn som trenar, og ho er veldig populær!

Aktivitetar i 2003:

- Vi heldt rideknappen kurs for 6 elevar.
- Overnattingstur i fjellet i sommar: Vi starta på Bergset, rei i Klebersdalen, vidare gjennom Holmøyskaret og overnatta bak Holmøyskaregga. Heimatteturen via Holmøyane.... !
- Oktober: Hestane flytta innatt i stallen, oppstart av treningar for dei som har ride litt før.
- Vi har fått midlar via utviklingslaget til å flytte og sette opp bølada ved ridebana. Den er flytta og arbeidet med å restaurere er igong.

Rekneskap 2003

Inntekter	Sum
Idrettsskule Stryn/Markane	1950
Idrettsskule Loen	650
Utgifter	
	0
Resultat	2600

Aktivitetar i 2004:

I år vil vi som i haust trene meir mot sprangriding. Vi er komne langt i grunnarbeidet men har ikkje kjøpt/bygt hinder så no er vi litt utålmodige og vil prøve å få gjort det snarast råd.

No har vi fleire som rir sjølv og har hest heilt eller delvis på eiga hand. Dette er flott for då får dei trent mykje meir og blir tryggare i salen.

Målet for 2004 er å delta på lokale stevner på Breim, Eid og i Hornindal i sprang og dressur.

For Ridegruppa, Berit I Bergset